



Kinsarvik, 26. januar 2021

## BYTE AV STRAUM-MÅLAR

Som kjent er Hardanger Energi Nett AS (HEN) som alle andre nettselskap, pålagt av Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) å installera AMS-målar i alle målepunkt i sitt nettområde innan 1. januar 2019, jf måle og avrekningsforskrifta §4-5 første ledd.


I HEN sitt konsesjonsområde gjenstår det no berre å byta eit fåtalls gamle målarar, og Dykkar målarar er av desse. Dei gamle målarane er ikkje lenger godkjent av Justervesenet, slik at HEN er avhengig av å få installert nye digitale målarar hjå alle kundar. Sjølve målarbytet er gratis for kundane.


HEN vil med dette oppmoda om at De snarast tek kontakt for å gjera avtale om målarbyte. Kontakt våre kundehandsamarar på tlf 53671600 for å avtala tidspunkt. Er ikkje ein slik avtale gjort innan 14 dagar frå mottak av dette brev, vil HEN måtta vurdera ein vidare rettsleg prosess for å få bytt målar.

HEN tilbyr også å installera dei nye målarane utan kommunikasjonseining, utan krav om framlagt helseerklæring. Dette betyr at det ikkje vert sendt noko informasjon mellom målar og nettselskapet. Det medfører at De framleis å må lesa av forbruket Dykkar månadleg, og få det registrert hjå HEN. For målepunkt utan automatisk avlesing av forbruk, skal HEN føreta ei årleg kontrollavlesing. Det medfører at De vert belasta eit årleg gebyr på 1.875 kr.

Dersom De seinare vil få sett inn kommunikasjonsmodul, kan De kontakta Hardanger Energi Nett AS på e-post [post@nett.hardangerenergi.no](mailto:post@nett.hardangerenergi.no) eller tlf 53671600. Gebyret vil då falla bort.

Med helsing  
Hardanger Energi Nett AS

  
Øyvind Svartveit  
-Dagleg leiar-

  
Erlend Nornes  
-Styreleiar-

---

### **HARDANGER ENERGI NETT AS, POSTBOKS 33, 5782 KINSARVIK**

Telefon 53671600  
Telefaks 53671601

Føretaksnr. 919 415 096 MVA  
Bankgiro: 1503.22.82560

E-post: [post@HardangerEnergi.no](mailto:post@HardangerEnergi.no)  
Internett: [www.HardangerEnergi.no](http://www.HardangerEnergi.no)

*"Din lokale kraftleverandør!"*